



Øystre Slidre kommune



2.tertial rapport 2024

https://pub.framsikt.net/2024/oystre-slidre/mr-202408-2_tertial_2024

Framlagt av kommunedirektøren 15. oktober 2024

10 på topp

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. I arbeidet med å nå visjonen om at fleire skal få oppleve rein naturglede vil kommunestyret leggje følgjande konkrete mål til grunn, jf. samfunnsdelen av kommuneplanen:

Innbyggartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året i gjennomsnitt.

Tal deltidsinnbyggjarar skal auke med minst 1 % i året.

Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

Nedanfor fylgjer dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden. Utviklingsområda er ei oppfølging av samfunnsdelen av kommuneplanen, og vil verte prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmidlar i planperioden. Kommunestyret vil bli orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda i tertialrapportane. Nedanfor fylgjer kommentar om status per 2. tertial 2024.

Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal som eit første steg i løpet av 2024 redusere sjukefråværet med minst 2 % i høve nivået i 2023.

Det samla sjukefråværet 2. tertial 2024 viser ein nedgang i fråværet frå 2. tertial 2023 på 1,3% (ned frå 11,6 % til 10,3 %). Dette er nærare omtalt i eit eget kapittel om sjukefråvær. Det har vore ein nedgang på fleire av dei større områda i kommunen, der kanskje særleg Førebygging og meistring, Institusjon, Rogne barnehage, Rogne skule og tekniske tenester utmerker seg med positiv utvikling. Det har vore ei negativ utvikling i helse og tilrettelagde tenester, ved Lidar skule og i Beito barnehage.

Kommunen utarbeidde i 2023 ein plan for redusert sjukefråvær. Fleire av tiltaka er i gang, og det blir arbeid vidare med dette. Særleg er TØRN-prosjektet innan helse og omsorg sentralt i dette arbeidet. Det blir elles vist til tertialrapport 1.

TØRN innafor turnusområda i helse og omsorg.

I 1. tertial rapporterte vi på korleis vi bygge opp organiseringa av TØRN-arbeidet. No er vi i gang med konkret arbeid i avdelingane. Førebygging og meistring, med to avdelingar har gjennomført oppgåvekartlegging og institusjon med to avdelingar kartlegg i veke 43. Tilrettelagte tenester har ikkje gjennomført dette enda, da dei har hatt eitt tilsyn dei har måtte prioritere i denne perioden. Dei har førebudd seg, og vil ta kartlegginga så fort dei er klare til det. TØRN-arbeidet er basert på involvering og engasjement hjå tilsette som er i dei ulike avdelingane, og kvar avdeling skal no arbeide vidare med oppgåvefordelinga.

Avdelingsleiarar, tenesteleiarar, personell som arbeider med turnus, hovudverneombud, hovudtillitsvalgde og kommunalsjef har vore på to fysiske samlingar i regi av KS, det har vore digital samling for leiarar og koordinator har hatt to digitale rettleingsmøte. I tillegg har vi samarbeid med kommunen sin læringspartner, Ringebu, der vi kan dele erfaringar med kvarandre.

Forankring er ein av faktorane som er viktig for å lykkast i TØRN. Det er orientert kort i kommunestyret om TØRN, og vi vil halde fram med å halde kommunestyret løpande orientert. Medarbeiderinvolvering er ein anna faktor for å lykkast, og skape engasjement hjå dei tilsette, dei som

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

kjenner kvar skoen trykker, er viktig frå start. Det er gjennomført felles personalmøte for helsetunet for å dele felles informasjon. Avdelingane vil vidare ha eigne møter til TØRNarbeidet leia av avdelingsleiar.

Vi skal i planperioden gjennomføre alle tiltaka i oppvekstplanen og m.a. sikre tidleg innsats og styrke det tverrfaglege arbeidet retta mot sårbare barn og deira familiar.

Tiltaka i oppvekstplane blir fylgt opp. Vi har i 2024 gjennomført innført tiltak innanfor helsestasjonen skulehelsetenesta med kompetanseheving innanfor *“Newborn Behavior Observation”* og det er starta opp sertifisering for fleire helsejukepleiarar i TIBIR (Tidleg innsats for barn i risiko) TIBIR er eit foreldrerådgivningsprogram. Øystre Slidre kommune har ei tilsette med sertifisering i dag, men har målsetting om at fleire helsejukepleiarar har kompetansa. Kommunane i Valdres har eit samarbeid med Valdres vidaregåande skule om tilbod om helsestasjon for ungdom.

Kulturskulen tilbyr fleire breiddetilbod med oppstart våren og hausten 2024. Dette er mellom anna spikkeskule, musikkbarnehage og “Korps i skulen” på Rogne skule. Kommunen tilbyr redusert foreldrebetaling og vi har fått støtte til “aktivitetskassa” som gjer det muleg å gje økonomisk støtte til lag og foreningar, slik at dei kan tilby redusert betaling frå heimar med ein vanskeleg økonomisk situasjon. Det blir halde to møte i året med lag- og foreningar som å betre samarbeidet om fritidstilbod for barn og unge i kommunen. Der er det mellom anna informert om “aktivitetskassa”. Forprosjektet “Uteområdet på ØSUS” er ferdig, og det vil bli ei sak for økonomiplanarbeidet 2025-2028.

Arbeidsgruppa som har utarbeidd planen for særskild språkopplæring og tilrettelegging for integrering av barn og unge er ferdige med planen. Det vil bli utprøving av mottaksklasse midt i bygda i oktober 2024. Fleire av tiltaka i planen er sett i verk. Vi har tilsette som tek vidareutdanning innanfor særskild språkopplæring.

Skulane har hatt eitt godt samarbeid med PPT, og det har vore fokus på grupper og systemarbeid i tillegg til individualsaker. Dette arbeidet stoppar noko opp no ei tid framover på grunn av mangel på personell i PPT. Skulane har etablert rutinemessig samarbeid med skulehelsetenesta og psykisk helse i form av skulehelseteam. Dett blir evaluert kvart år for å utvikle oss vidare. Skulehelseteam har fleire saker enn det som vi får opp i innsatsteam.

LINK til livet, som verktøy for arbeidet med livsmeistring er take i bruk på skulane, og det blir sett meir i system.

Rektorane og kommunalsjef har hatt ein gjennomgang av internkontrollen i forhold til skulemiljø saker. Dette er også arbeidd med frå juni 2024 i samband med ny opplæringslov.

Oppvekstforum, som består av tilsette innanfor alle områder som arbeider med barn og unge i kommunen, er i gang med å vurdere tilrådde tiltak i rapporten etter Oppvekstløftet, vurdere om vi har god nok møtестruktur, og utvikle den førebyggjande planen. Vi har fortsatt utfordring med å nytte innsatsteam som ein god arena for å hjelpe barn og unge, då det er vanskeleg å få inn saker til teamet. Oppvekstforum er eit viktig møteforum på tvers av tenestene våre og er nødvendig for å utvikle samhandlinga vår.

Lidar har i år eit forsøk med 50% miljøretteleiar som ikkje er knytt til enkeltelevar ved at dei har omdisponert nokon ressursar. Dei andre skulane prøver ut dette periodevis når dei har mulighet til det. Ut over det er ikkje dette tiltaket gjennomført.

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Det er eit stort arbeid i samband med oppvekstmiljøet i kommunen. Ungdomsmiljøet har forandra seg sidan vi laga tiltaksplanen i oppvekstplanen vår. Vi har no utarbeidd ein eigen tiltaksplan for oppvekstmiljøet, som vil gå parallelt med tiltaka i oppvekstplanen.

Vi skal busetja minst 30 flyktningar i 2024 og sikre at busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med intro-programmet.

Per 2.tertial er status slik:

Vi har busett 24 personar av 30 til no i 2024.

Av dei 34 personane som har avslutta introduksjonsprogrammet i 2024, har vi følgjande fordeling av avslutningsårsaker:

- Arbeid: 20 personar
- Arbeidsmarkedstiltak i regi av NAV: 9 personar
- Heimeverande med barn: 1 person
- Anna: 4 personar

I 2024 er det 59% som har gått rett over i arbeid etter introduksjonsprogrammet, mot 33% i 2023.

Vi skal i løpet av 2024 revidere arealdelen av kommuneplanen og i den samanhengen ta i bruk arealrekneskap som metode i arealforvaltninga.

Kommunestyret vedtok å legge forslag til ny arealdel av kommuneplanen ut på høyring den 15. februar 2024, sak 09° 24. Det har kome inn 117 høyringssvar. Kommunedirektøren har gått gjennom alle høyringssvara og formannskapet har teke stilling til flesteparten av høyringsinnspela. Merknader knytt til Beitostølen Sør, sentrumsutvikling av Beitostølen og arealbruken ved Hedalsstøla er enno ikkje handsama i formannskapet. Desse tema er knytt til andre prosessar eller til endeleg tilbakemelding frå Innlandet fylkeskommune eller staslege instansar. Det er kome 9 motsegn til planen frå Statsforvaltaren, og ei motsegn frå Mattilsynet og ei motsegn frå Innlandet fylkeskommune. Det er gjennomført møte i Planforum, og motsegnene er langt på veg løyst. Med bakgrunn i dei varsla motsegnene må vi legge til grunn at planen må høyrast ein gong til. Endeleg tidslinjer for nå planen kan vedtakast må vi kome tilbake til etter 2. gongs høyring.

Vi har i planframlegget teke i bruk arealrekneskap som metode i arealforvaltninga. Erfaringane frå dette er gode, sjølv om metoden må utviklast vidare. Vi har også delteke i fleire undersøkingar og møte der vi har gitt innspel til forskingsmiljø, KS m.fl. om korleis arealrekneskap kan utviklast som metode og korleis plan- og bygningslova kan utviklast i det kommunale klima- og miljøarbeidet. Vi vil ved 2. gongs høyring i større grad nytte arealrekneskapet inn i konsekvensutgreiinga for arealplanen.

Vi skal i løpet av 2026 gjere ferdig friområdet Furustrand som sentral møtestad, aktivitets- og friluftsområde for alle, uavhengig av funksjonsnivå.

Friområdet på Furustrand er ferdig planlagt som sentral møtestad, aktivitets- og friluftsområde for alle, uavhengig av funksjonsnivå. I 2024 er gangvegen frå friområdet, langs Heggefjorden til

Helsetunet^o torget ferdig og dagsturhytta er sett opp. Vi planlegg offisiell opning av gangveg og dagsturhytte 22. oktober.

Før vidare utbygging av Furustand må området regulerast. Vi vil i 2024 melde oppstart av reguleringsplanarbeidet og starte detaljprosjektering av utbygginga.

Vi skal vedta ein strategi for areala og bygningane på Løken gard og bidra til høg aktivitet ved nasjonalt senter for fjellandbruk.

Vi har starta arbeidet med ein arealstrategi for Løken gard, og lagt delar av den inn i utkastet til arealplan. Vi har sett i gang eit arbeid for å vurdere alternative energiløysingar for Løken gard, og ny bruk av delar av bygningsmassen. Vi vil søkje om midlar til energiltak på bustadhusa, dersom tiltale ikkje kjem i konflikt med verneføresegnene for bygningane. Når arbeidet med strategien er kome lengre vil vi fremma dette som eigen sak for kommunestyret. Vi har jamlege møte med dagleg leiar og styreleiar for nasjonalt senter for fjellandbruk, for å bidra til å sikre finansiering og aktivitet ved senteret på lang sikt.

Vi skal gjennom Klima+ motivere til klimanøytrale løysingar for utbygging og bruk av nye fritidsbustader.

Tenkinga i Klima+ ligg som eit av hovudgrepa i forslaget til ny arealplan, jf. punkt 2.2 og 2.2.5 i planomtalen og fleire plasser i føresegnar og retningslinjer. Dette vert følgd opp i reguleringsplanar, utbyggingsavtalar og i byggesaker. Vi deltek i forskingsprogram, nettverk og møte på regionalt og nasjonalt nivå for å bidra til miljø- og klimavenleg utbygging og bruk av fritidsbustader.

Vi skal delta aktivt i VNK sitt arbeid Leve i Valdres, og synleggjera attraktiviteten ved å bu, leve og arbeide i Øystre Slidre.

Vi har delteke i Innlandet Fylkeskommune sitt arbeid med bustadutvikling i distrikta. Vi har nyleg fått 0,5 mill. frå Husbanken, for å greie ut om å ta i bruk heile eller delar av gamle sjukeheimen til bustader. Vi har hatt oppstartsmøte med Husbanken, Innlandet fylkeskommune og Distriktsenteret, og utgreiinga vil starte opp no i haust.

VNK har starta arbeidet med ny handlingsplan, der Leve i Valdres, er ein del av dette arbeidet. Vi deltek i arbeidet med handlingsplanen. Vi har nytta Leve i Valdres meir aktivt for å rekruttere medarbeidarar til kommunen.

Vi skal invitere til Rein naturglede gjennom å:

vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå

sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper mv. gjennom selskapet Beitostølen Fellesgoder AS.

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Krav om tilrettelegging for alle og universell utforming ligg som overordna premiss i utkast til arealplan, jf. punkt 2.2 og 2.2.6 i planomtalen og punkt 1.6 i føresegner og retningslinjer. Arbeidet med å bli det best tilrettelagde reisemålet vil vera langsiktig.

Vi deltek i lokal arbeidsgruppe i lag med Beitostølen helseportsenter, Beitostølen utvikling og lokale verksemder under forskingsprogrammet Accesstour, der vi har laga ein arbeidsplan med tiltak for å bli det best tilrettelagde reisemålet i Norge. Beitostølen Utvikling har no fått økonomisk støtte frå Innlandet fylkeskommune, Beitostølen Fellesgode AS og BUF-dir. i dette arbeidet, noko som vil auka kapasiteten i arbeidet. Budsjetttramme er no samla på over ein mill. Det er etablert ei styringsgruppe som kommunen deltek i og det er engasjert ein prosjektleiar i ca 50% stilling. Vi har også sendt søknad til Innlande Fylkeskommune om støtte til eit forprosjekt om tilrettelegging og auka verdiskaping i næringslivet.

Vi har delteke i barne-, ungdoms- og familie-direktoratet (BUFdir) sitt kartleggingsprosjekt om universell utforming, og var ein av tre kommunar som vart framheva som eksempelkommunar i formidlinga av prosjektet.

Vi har som eigar av BFG teke initiativ til ein strategiprosess for selskapet, for m.a. å sikre finansiering av fellesgoda på lang sikt og sikre langsiktige rammer for bruk av midla til fellesgodefinansiering. Vi har vidare bedt regjeringa om å peike ut Beitostølen som pilot i utprøving av ordning for besøksbidrag. Vi har også starta eit arbeid med å gå gjennom inngått utbyggingsavtalar for å sikre at dei vert følgd opp, m.a. der det ligg inne krav om deltaking i fellesgodefinansiering. Vi tek sikte på at denne gjennomgangen er ferdig i løpet av 1. halvår 2025.

Vi skal i lag med idrettslaget, stadionselskapet og Beitostølen Fellesgoder AS i løpet av 2024° 2025 lage ein plan for utvikling og drift av sti- og løypenettet på Beitostølen og ein plan for Beitostølen stadion som gjev auka bruken av stadionområdet gjennom heile året.

Vi har invitert idrettslaget, stadionselskapet, løypeforeininga og Beitostølen Fellesgoder AS til møte om framtidig drift av sti- og løypenettet på Beitostølen. Kommunedirektøren vil legge fram ei eiga sak til kommunestyret om det når saka er ferdig utgreidd.

Investeringar

Per august er det regnskapsført 25.678` i sum investeringsutgifter. Tala i tabellen viser regnskap hittil i år, revidert budsjett, opprinneleg budsjett, prognose for året, avvik mot budsjett og forslag til budsjettendring (år 1 = 2024, år 2 = til 2025).

Dei enkelte prosjekta er kommentert i tabellen "Status investeringsprosjekt".

Kommunedirektøren sine forslag til budsjettendringar for investeringar 2024 er oppsummert i vedlegg til denne tertialrapporten.

Status investeringar (2B)

1. Investeringar i varige driftsmidler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Opph. bud. 2024	Årsprognose	Avvik prognose i kr	Forslag til bud.endr. år 1	Forslag til bud.endr. år 2	Forslag til endr. totalramme
Andre investeringer								
Tenestebilar	493	500	0	500	0	0	0	0
Kommunale områder for bustad	243	6 774	7 900	6 774	0	0	0	0
Uteområde ØSUS - Gapahuken	2	70	70	70	0	0	0	0
Kommunale bygg - nye helsetunet ute og inne	31	595	0	32	563	-563	0	-563
Kommunale bygg - Lydisolering kulturskulerom	136	114	0	136	-22	22	0	22
Kommunale bygg - Rogne barnehage utvid garderobe	37	804	0	37	767	-767	0	-767
Kommunale bygg - nytt helsehus	0	443	400	223	220	-220	220	0
Kjøp bustad Bygdinvn.2175 (27°42)	37	2 250	2 250	2 250	0	0	0	0
Kommunale bygg - nye energiløysingar kommunehuset ØSUS	0	6 814	6 500	1 000	5 814	-5 814	5 814	0
Kommunale bygg - betre nettverk kommunehuset	0	800	800	1 200	-400	400	0	400
Kommunale bygg - Moavegen 43 nytt tak og male	23	1 800	1 800	1 800	0	0	0	0
Kommunale bygg - Bygdinvn.2108 (27°66) oppgrad.og ny tilkomst	0	750	750	0	750	-750	750	0
Kommunale bygg - Heranglie bustader	3	13 876	14 000	76	13 800	-13 800	13 800	0
Kommunale bygg - brannstasjonar	1	7 950	0	7 950	0	0	0	0
Lidar skule ombygging 2024	16	0	0	0	0	0	0	0
Kommunale vegar - Volbu bru	0	50	100	50	0	0	0	0
Kommunal veg - utstyr og transportmiddel	369	369	0	369	0	0	0	0
Uteområdet ved ØSUS	16	0	0	0	0	0	0	0
Infrastruktur med UBA, e-skattemiddel (hovedprosj. til fordeling)	406	0	0	0	0	0	0	0
Overtak. oppgrad.Finntøppvn.og gang sykkelveg Beitestølvegen Tjednbakkvegen	506	14 120	13 000	3 120	11 000	-11 000	11 000	0
Skibru - Finntøppvegen	2	10	0	10	0	0	0	0
Furustrand ute inkl. gangveg Furustrand Heggenes	1 722	741	1 284	741	0	0	0	0
Trillesti Rupetjedn	150	585	0	585	0	0	0	0
Nærmiljøanlegg Klippemyrhaugen	584	978	1 000	978	0	0	0	0
VVA Heranglie	263	10 780	1 580	10 780	0	0	0	0
Sum Andre investeringer	5 040	71 174	51 434	38 681	32 493	-32 493	31 584	-908

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Opph. bud. 2024	Årsprognose	Avvik prognose i kr	Forslag til bud.endr. år 1	Forslag til bud.endr. år 2	Forslag til endr. totalramme
Selvkost								
VA i bygda - Kolleberg	4 661	5 406	5 500	5 406	0	0	0	0
VVA Heranglie	5 001	-17 131	2 000	-9 591	-7 540	7 540	0	7 540
VA i bygda - Nordtorp Hegge stavkyrkje	6 742	9 943	8 700	9 943	0	0	0	0
VA i bygda - Storefoss Nedrefoss	81	200	0	100	100	-100	100	0
VA i bygda - Bergojordet	562	914	0	914	0	0	0	0
VA i bygda - Bygdinvegen Skogaplassen - Mørstad	1	2 000	2 000	0	2 000	-2 000	2 000	0
VA mindre anlegg årleg	43	5 000	5 000	100	4 900	-4 900	0	-4 900
VA -hytteområda - Finntøplie	48	700	0	1 700	-1 000	1 000	-1 000	0
VA hytteområda - Luskeråsen	0	547	500	547	0	0	0	0
VA hytteområda - Gravfjellet	134	4 984	4 800	984	4 000	-4 000	4 000	0
VA transportmiddel	0	1 027	1 000	1 027	0	0	0	0
VA Nordtorp høgdebasseng	-154	9 420	10 000	520	8 900	-8 900	8 900	0
VA oppgradering Ole vassverk	2 036	12 269	10 000	3 769	8 500	-8 500	8 500	0
VA Mellseenn vassverk (Kollstad)	495	556	867	5 456	-4 900	4 900	0	4 900
VA Nye Nedrefoss RA	113	21 168	20 000	2 168	19 000	-19 000	19 000	0
Sum Selvkost	19 762	57 003	70 367	23 043	33 960	-33 960	41 500	7 540
Investeringar i varige driftsmidlar	24 802	128 176	121 801	61 724	66 453	-66 453	73 084	6 632

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Opph. bud. 2024	Årsprognose	Avvik prognose i kr	Forslag til bud.endr. år 1	Forslag til bud.endr. år 2	Forslag til endr. totalramme
VVA Heranglie	17	0	0	0	0	0	0	0
VA Bergojordet	19	0	0	0	0	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar	36	0	0	0	0	0	0	0

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Opph. bud. 2024	Årsprognose	Avvik prognose i kr	Forslag til bud.endr. år 1	Forslag til bud.endr. år 2	Forslag til endr. totalramme
Andelar i KLP	840	800	800	840	-40	40	0	40
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	840	800	800	840	-40	40	0	40

4. Utlån av egne midlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Opph. bud. 2024	Årsprognose	Avvik prognose i kr	Forslag til bud.endr. år 1	Forslag til bud.endr. år 2	Forslag til endr. totalramme
Utlån av egne middel	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum del 1-4	25 678	128 976	122 601	62 564	66 413	-66 413	73 084	6 627

Status investeringsprosjekt

Andre investeringer

Beløp i 1000

Investering	Status framdrift	Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose	Budsjett for året		Forslag til bud.endr. år 1	Forslag til bud.endr. år 2	Sum forslag til bud.endr.	
					Avvik økonomistatus	Kommentar				
				Årsprognose	Årsprognose(inkl. ikke vedtatte bud.endr.)					
Andeler i KLP	Ferdig	800	840	840	-40	Ihht plan	Egenkapitalinnskot i KLP (årleg).	40	0	40
Furustrand ute inkl. gangveg	Iht. plan	741	1 722	741	0	Merforbruk	Turveg, gatelys og dagsturhytte er på plass, og det er starta på arbeidet for resten av området. Prosjektet fortset 2025. Motteke tilsegn bl.a. frå Sparebankstiftelsen på tot 2 mill.kr., og ein del av tilskota kan inntektsførast i 2024.	0	0	0
Furustrand Heggenes										
Infrastruktur med UBA, e-skattemiddel (hovedprosj. til fordeling)	Iht. plan	0	406	0	0	Ihht plan	Bli fordelt og finansiert av UBA-middel mv.på slutten av året.	0	0	0
Kjøp bustad Bygdinvn.2175 (27° 42)	Forsinket	2 250	37	2 250	0	Merforbruk	Budsjettert oppgradering og ombygging i 2024. Prosjektering har starta. Kostnadsoverslag motteke viser sum ink.mva 2.200`. Vi arbeider med å få ut anbod hausten 2024 og byggestart 2024 med slutføring sommaren 2025.	0	0	0
Kommunal veg - utstyr og transportmiddel	Ferdig	369	369	369	0	Ihht plan	Kantslåtmaskin kjøpt.	0	0	0
Kommunale bygg - betre nettverk kommunehuset	Iht. plan	800	0	1 200	-400	Merforbruk	Oppdraget er bestilt gjennom IKT Valdres, Valdres teledata har starta kartlegging av behovet, arbeid er venta utført i 2024. Prosjektet blir dyrare enn budsjettert, endringa tilsvarer omlag prisstigninga frå opprinneleg tilbod.	400	0	400
Kommunale bygg - Bygdinvn.2108 (27° 66) oppgrad.og ny tilkomst	Forsinket	750	0	0	750	Ihht plan	Ikkje gjennomført, blir ikkje prioritert i 2024.	-750	750	0

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Investering	Status framdrift	Budsjett for året				Økonomistatus	Kommentar	Forslag til bud.endr. år 1	Forslag til bud.endr. år 2	Sum forslag til bud.endr.
		Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose hiå	Årsprognose (inkl. ikke vedtatte bud.endr.)					
Kommunale bygg - Heranglie bustader	Forsinket	13 876	3	76	13 800	Ihht plan	Prosjektet er forsinka pga. finansieringsutfordringar for vår samarbeidspart. Budsjettramma blir overført til 2025.	-13 800	13 800	0
Kommunale bygg - Lydisolering kulturskulerom	Forsinket	114	136	136	-22	Ihht plan	Gjenstår elektrisk, etter at resten vart ferdigstilt i 2022. Ev. også møbler venteareal (jf. info per 2022). Måling venteareal blir teke i drift.	22	0	22
Kommunale bygg - Moavegen 43 nytt tak og male	Iht. plan	1 800	23	1 800	0	Ihht plan	Taket vart rimelegare enn budsjettert, men vi har valt å etterisolere og male bygget samstundes. Bygget er malt og arbeidet med taket er i gang. Ferdigstilling før nyttår.	0	0	0
Kommunale bygg - nye energiløysingar kommunehuset °ØSUS	Forsinket	6 814	0	1 000	5 814	Mindreforbruk	Kommunen har no inngått avtale med Øystre Slidre biovarme. Det er ØS Biovarme som skal gjera investeringa, medan kommunen etter avtalen skal kjøpe energi. Kommunen skal betale påkoblingsgebyr på 600` i 2024. I tillegg kjem ombygging på bygga som skal bli tilkople (ØSUS), dette blir i all hovudsak gjort i 2025. Meste av budsjettramma blir overført til 2025.	-5 814	5 814	0
Kommunale bygg - nye helsetunet ute og inne	Ferdig	595	31	32	563	Mindreforbruk	Avslutta. Restbudsjettet har vorte nytta til siste asfaltering av uteområdet.	-563	0	-563
Kommunale bygg - nytt helsehus	Iht. plan	443	0	223	220	Ihht plan	Prosjektet fortset 2024 og 2025 - overfører halvparten av budsjettramma til 2025.	-220	220	0
Kommunale bygg - Rogne barnehage utvid garderobe	Ferdig	804	37	37	767	Mindreforbruk	Ferdig, vi reknar ikkje med meir utgifter her, og kan avslutte prosjektet, det blir gjort ved 2.tertial.	-767	0	-767
Kommunale områder for bustad	Forsinket	6 774	243	6 774	0	Ihht plan	Avtaler er inngått og iversett for kjøp av festetomter Stølslie I og II. Betaling skjer hausten 2024 etter at tinglysing er i orden, med ca. 4,5 mill. Det blir også	0	0	0

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Investering	Budsjett for året									
	Status framdrift	Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose hiå	Avvik årsprognose (inkl. ikke vedtatte bud.endr.)	Økonomistatus	Kommentar	Forslag til bud.endr. år 1	Forslag til bud.endr. år 2	Sum forslag til bud.endr.
Kommunale vegar - Volbu bru	Iht. plan	50	0	50	0	Ihht plan	truleg tilbakekjøp av tomt i Solhauglie. Det er mogleg noko av budsjettramma for 2024 kan overførast til 2025, men vi ventar til 31.12.2024.	0	0	0
Nærmiljøanlegg Klyppemyrhaugen	Iht. plan	978	584	978	0	Mindreforbruk	Ferdig, men det kan bli justering av lys, og sluttfakturering. Kommunen har fått innvilga spelemiddel på vel 40% av totalregnskapet, som vi kan rekne med å få i 2024 - eller 2025.	0	0	0
Overtak. oppgrad.Finntøppvn.og gang sykkelveg Beitestølvegen Tjednbakkvegen	Forsinket	14 120	506	3 120	11 000	Merforbruk	Grunnerverv og anbod er ikkje heilt ferdig, og er forsinka i høve tidlegare planlagt framdrift. Det kan bli anbod vinteren 2024-25, og oppstart ute blir tidlegast 2025. Vi overfører det meste av budsjettramma til neste år.	-11 000	11 000	0
Skibru - Finntøppvegen	Ferdig	10	2	10	0	Ihht plan	Er ferdig	0	0	0
Tenestebilar	Ferdig	500	493	500	0	Ihht plan	Flyktningetenesta kjøpt bil.	0	0	0
Trillesti Rupetjedn	Forsinket	585	150	585	0	Mindreforbruk	Ferdig (unntatt skilting, men ikkje ferdig fakturert. Budsjett synes romsleg nok til rest.	0	0	0
Uteområde ØSUS - Gapahuken	Iht. plan	70	2	70	0	Ihht plan	Det kjem nokre rekingar på 2024 for ute-området ØSUS.	0	0	0
Uteområdet ved ØSUS	Ikkje vurdert	0	16	0	0			0	0	0
VVA Heranglie	Iht. plan	10 780	263	10 780	0	Merforbruk	Prosjektet er i all hovudsak ferdig men det gjenstår litt rest-arbeid med asfaltering som blir gjort i 2025.	0	0	0
Sum		64 024	5 862	31 571	32 453			-32 453	31 584	-868

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Selvkost

Beløp i 1000

Investering	Status framdrift	Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose	Budsjett for året		Forslag til bud.endr. år 1	Forslag til bud.endr. år 2	Sum forslag til bud.endr.	
					Avvik Økonomistatus	Kommentar				
					Årsprognose (inkl. ikke vedtatte bud.endr.)					
VA -hytteområda - Finntøpplie	Forsinket	700	48	1 700	-1 000	Merforbruk	Ferdig i all hovudsak, det har vore sluttbefaring, men stikkrenne, generell pynting og reetablering og mindre gravearbeid gjenstår. Det er etterslep med fakturering. Oppgradering av skiløypetrase til fleirbrukstrase gjenstår, ein må rekne noko ekstra kostnader på dette arbeidet ut over kva som var budsjettert. Vi forsøker å ta denne ut til eige kontrakt. Men det har vorte behov for å utbetre overvatn-løysinga i 2024, og vi bytter ut leding i grøfta. På grunn av dette må vi auke budsjetten 2024 med totalt 1 mill.	1 000	-1 000	0
VA hytteområda - Gravfjellet	Forsinket	4 984	134	984	4 000	Ihht plan	Vi gjennomfører forprosjekt med grunnundersøkingar mv. Prosjektet har fått tilskotsmidlar og vi har starta å kartlegge mulegheit for å redusere CO2 utslepp under bygging. Undersøkingane har medført at hovudprosjektet er forsinka i høve handlingsplanen, og vil neppe bli klart for gjennomføring før neste år. Budsjettramma blir i stor grad å overføre til neste år. Det kan bli aktuelt med prosjekteringsutgifter her i 2024. Prosjektet følgjer etter Gravfjellet, som ikkje blir gjennomført før 2025-.	-4 000	4 000	0
VA hytteområda - Luskeråsen	Forsinket	547	0	547	0	Ihht plan	Det kan bli aktuelt med prosjekteringsutgifter her i 2024. Prosjektet følgjer etter Gravfjellet, som ikkje blir gjennomført før 2025-.	0	0	0
VA i bygda - Bergojordet	Ferdig	914	582	914	0	Ihht plan	Anlegget er ferdig i all hovudsak, men det står att noko arbeider med rundt kum, og slutfakturaer. Restbudsjetten er tilstrekkeleg.	0	0	0
VA i bygda - Bygdinvegen Skogaplassen - Mørstad	Forsinket	2 000	1	0	2 000	Mindreforbruk	Prosjektet er utsatt til 2025, budsjetten blir overført.	-2 000	2 000	0
VA i bygda - Kolleberg	Ferdig	5 406	4 661	5 406	0	Ihht plan	Ferdig, i all hovudsak. Gjenstår ulempeerstatningar og anleggsbidrag Griug.	0	0	0

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Investering	Status framdrift	Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose	Budsjett for året		Forslag til bud.endr. år 1	Forslag til bud.endr. år 2	Sum forslag til bud.endr.	
					Avvik årspåbud (inkl. ikke vedtatte bud.endr.)	Økonomistatus Kommentar				
VA i bygda - Nordtorp Hegge stavkyrkje	Iht. plan	9 943	6 742	9 943	0	Iht plan	Det meste av arbeidet er gjennomført, men det gjenstår ein del restarbeid og fakturering. Anlegget blir sluttført hausten 2024. Det er knytt usikkerheit til sluttbeløpet, vi håpar å halde budsjettamma.	0	0	0
VA i bygda - Storefoss Nedrefoss	Forsinket	200	81	100	100	Iht plan	Gjenstår asfaltering o.l., men vi ventar til nytt renseanlegg skal byggast.	-100	100	0
VA Mellsenn vassverk (Kollstad)	Iht. plan	556	495	5 456	-4 900	Merforbruk	Søknad om konsesjon for uttak av drikkevatt er sendt til NVE for behandling, forprosjekt gjennomført. Overføringsledning frå vassbehandlingsanlegg til Kveno blir framskunda for å sikre vassforsyning til Rogne i vinter. Det har vore lekkasje på hovudleidninga fleire stader. Oppstart snarast, arbeidet blir delvis i 2024 og delvis i 2025. Denne strekninga ligg i opprinneleg plan for VA Mellsenn Kveno, men budsjettet fram i tid. I 2024 omfordeler vi budsjettmidla frå posten mindre VA-prosjekt i bygda for å få gjennomført arbeida så snart som mogleg.	4 900	0	4 900
VA mindre anlegg årleg	Forsinket	5 000	43	100	4 900	Iht plan	Restbudsjettet blir omfordelt til VA Mellsenn Kveno i 2024. Utgifta som står her er VA Kjøk Nordtorp, vi måtte syte for å drenere nokre områder på ny pga overvatn.	-4 900	0	-4 900
VA Nordtorp høgdebasseng	Iht. plan	9 420	-154	520	8 900	Iht plan	Anbod blir utarbeida i 2024.	-8 900	8 900	0
VA Nye Nedrefoss RA	Forsinket	21 168	113	2 168	19 000	Merforbruk	Forprosjekt er ferdig, ØSK ventar svar fra statsforvalteren på søknad om utsleppsløyve, den var lova i løpet av sommaren 2024. Øvrig budsjettamme blir overført til neste år. Totalprognosen har auka vesentleg etter prosjektering prognose.	-19 000	19 000	0
VA oppgradering Ole vassverk	Forsinket	12 269	2 036	3 769	8 500	Iht plan	Montering av ny sil og UV-aggregat blir gjort no, skal vera ferdig før haustferien. Resten blir å overføre til neste år.	-8 500	8 500	0
VA transportmiddel	Iht. plan	1 027	0	1 027	0	Iht plan	Vi har fått tilbod på bil, og legg til grunn at det blir kjøp og levering i 2024.	0	0	0

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Investering	Status framdrift	Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose	Årsprognose(inkl. ikke vedtatte bud.endr.)	Økonomistatus	Kommentar	Budsjett for året		
								Forslag til bud.endr. år 1	Forslag til bud.endr. år 2	Sum forslag til bud.endr.
VVA Heranglie	Iht. plan	- 17 131	5 017	-9 591	-7 540	Merforbruk	Prosjektet er i all hovudsak ferdig men det gjenstår litt rest-arbeid med asfaltering som blir gjort i 2025. Kommunen belaster investeringsprosjekt (VA) med ntern prosjektleiing (lønn) og byggjelånsrenter, og det blir ført mva-utgift på prosjektet på området veg, i tråd med regnskapsreglar. Slike postar vart ikkje innarbeida i budsjettet, og vi foreslår å korrigere budsjettet for dette no, med totalt 7.540`. Prosjektet fortset og vil bli sluttrapportert i løpet av 2025.	7 540	0	7 540
Sum		57 003	19 798	23 043	33 960			-33 960	41 500	7 540

Sum andre prosjekt

Beløp i 1000

Investering	Status framdrift	Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose	Årsprognose(inkl. ikke vedtatte bud.endr.)	Økonomistatus	Kommentar	Budsjett for året		
								Forslag til bud.endr. år 1	Forslag til bud.endr. år 2	Sum forslag til bud.endr.
Sum andre prosjekt		7 950	17	7 950	0			0	0	0
Sum		7 950	17	7 950	0			0	0	0

Økonomirapportering drift

Rekneskapet er ikkje periodisert, så resultatet per 2. tertial gjev ikkje eit representativt bilde av korleis året vil gå. Dei fleste avvika er grunna ulik periodisering gjennom året i budsjett og rekneskap, m.a. er det budsjettert med ein rekke bruk og avsetning til fond som ikkje blir ført før på slutten av året.

Vi ser enkelte område har økonomiske utfordringar. Enkelte større kjente avvik er vist som avvik i prognose i forhold til vedteken budsjetttramme, og enkelte også som forslag til budsjettendring. Budsjettendringar som er foreslått er oppsummert i vedlegg 1 til denne tertialrapporten. Vi vurderer at årsresultatet samla sett kan ende i balanse. Erfaringsmessig vil det bli nokon innsparingar og meirinntekter som vi ikkje ser før året er omme.

Kommentarar til dei ulike områda / prognose-avvika:

Sum generelle driftsinntekter:

- Ramme og skatt: I prognose etter RNB-24 er overslaget for rammetilskot og skatteinntekter for kommunen rundt 600` lågare enn budsjettert. Tala er framleis usikre, og vi opprettheld budsjettet for året. Regjeringa har varsla auka løyvingar over nysaldering på slutten av året.
- Eigedomsskatt: Eigedomsskatteinntektene for året blir rundt 700` lågare enn budsjettert, og vi har endra prognosen for året med dette beløpet. Dette fordeler seg på bustader` fritidsbustader med 528` og på vasskraft med 172`

Netto finansutgifter:

Vi har netto redusert årsprognosen med 2.400`.

Renteinntekter er 1.220` høgare enn budsjettert per august, pga. høgare inneståande på bank som følge av etterslep på investeringsutgifter. Det ser ut til at denne situasjonen fortset til ein viss grad ut året. Vi har justert prognosen opp med 1.500`.

- Renteutgifter viser ca. 500` i mindreforbruk per august, og endar moglegvis på litt høgare mindreforbruk for året grunna seinare låneopptak 2.halvår enn lagt til grunn i budsjettet. Vi har redusert prognosen med 700`.
- Utbytte ligg an til å ende rundt 200` over budsjett.

Kommunedirektør - felles:

Kommunedirektør felles:

Prognosen for året er saldert her med uspesifisert innsparing på 6.538`.

- Vi ser ikkje openbare meirinntekter eller mindreforbruk ut over det som er innarbeida i prognosen. Erfaring tilseier at vi likevel ved årets slutt vil kunne sjå enkelte mindreforbruk` meirinntekter. Det kan t.d. vera øyremerka tilskot` bruk av bundne fond for prosjekt-aktivitet

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

som ikkje er rapportert p.t., reduserte lønnskostnader som følgje av vakansar og sjukefråvær i tenester der det ikkje er mogleg å skaffe vikar, eller meir salsinntekter på hausten enn prognosert.

- Det vart i RNB innarbeida auka budsjett til lærebøker i skulene med totalt 165`. Dette er foreslått fordelt frå kommunedirektør - felles til skulene med 55` på kvar.
- Budsjettert lønnsvekst 2024 ligg ufordelt under kommunedirektør – felles per 2. tertial (5.419` for året). Vi foreslår å gje kommunedirektøren fullmakt til å fordele budsjettert lønnsvekst til tenestene med beløp tilsvarande resultatet av lønnsforhandlingane hausten 2024. Lønnsoppgjeret enda om lag på budsjett samla for kommunen. Avsetning til lønnsvekst var 4,9% men enda på 5,2%. Det var såleis rekna ca 550` mindre i budsjettert lønnsvekst. Men vi hadde budsjettert lønnsvekst på sjølvkostområdet VA med 600` i tillegg, basert på sjølvkostkalkyle. Dermed er vi innafor budsjett når det gjeld lønnsvekst 2024.

Stab:

Vi ser ikkje vesentlege budsjettavvik totalt på området.

Opplæring og kultur:

Samla sett er prognosen for året auka med 3.993`. Av dette er det foreslått å finansiere 1.680` frå flyktningsfondet. Rest utgjer 2.313`.

Felles opplæring og kultur

Prognosen er redusert med 165` for året.

- Det er meirinntekter under felles opplæring og kultur på ca. 450'. Det gjeld mellom anna gjeld tilskot til læremiddel (165´) som skulane har nytta` skal nytte i 2024, og blir synleg som meirforbruk på deira område. Her ligg det også refusjon frå andre kommunar som er støtte til barnehage-lærarutdanning (ABLU). Dette blir betalt ut etter avtale til studentane.
- Utgifter til pedagogisk psykologisk teneste er innanfor budsjett. Det vil truleg ikkje bli meirforbruk her, muleg noko mindreforbruk på grunn av personalmangel i tenesta. Denne situasjonen vil truleg vare i nokon grad ut 2024.

ØSUS

Alt i alt vil ØSUS lande innanfor budsjett for året.

- Løn: Det er mindreforbruk på løn grunna vakansar.
- Utgifter: Det er brukt over budsjett på inventar. Grunnen til dette er innkjøp av pultar og stolar til elevane. Innkjøpet av stolar til "hovud-klasseromma" er gjennomført, men det manglar pultar i 3 klasserom. Det vil utgjere 45-50 pultar. Skyss kommunale brukarar er over budsjett. Her har det året 2024 vorte brukt taxi for å transportere elevar som er på anna undervisningsarena.

Rogne skule

Rekneskapet per august viser betydeleg meirforbruk, som for ein stor del blir ståande ut året. Prognosen for året er auka med 1.800` (1.855` inkl.flytting av lærebøker-budsjettpost).

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

- Løn: Det er totalt eit meirforbruk på 605' på løn hittil i år. Dette skuldast ekstra tilsetjing frå januar 2024, og behov for dekning for enkeltelevar som ikkje er budsjettet på omlag 100'. Vi har auka prognosen for året med 450` på lønnsområdet.
- Utgifter: Det er meirforbruk knytt til innleige frå firmaet Familiehjelp slik det vart gjort greie for i tertialrapport 1. Tiltaket er avslutta, og det vil ikkje kome fleire utgifter knytt til dette. Prognosen er auka med 1.350` for året som følgje av denne kostnaden. I tillegg er det eit meirforbruk på omlag 100' som knyter seg særleg til innkjøp av inventar som har vore naudsynt. Dette er ergonomisk kontorutstyr, skjerm Brett med støydemping og anna utstyr til individuelt tilrettelagt opplæring, tre medisinskåp og to skjermar til hhv. personalrommet og til møter.

Lidar skule

Alt i alt vil Lidar skule lande innanfor budsjett for året.

- Løn: Det er mindreforbruk på løn grunna vakansar og^o eller at vikar-bruken er lågare enn sjukepenge-refusjonen (om lag 400` etter å ha teke omsyn til budsjettauke som følgje av lønnsoppgjer frå mai).
- Utgifter: Det er meirforbruk på 67` per august, 50´ av desse er til lærebøker som er finansiert at eksterne midlar, som er inntektsført under opplæring og kultur felles. Det er også litt meirforbruk på skyss, annonsering og matvarer.
- Inntekter: Det er mindre inntekter (300`) enn budsjettet på grunn av elevar som har flytta.

Rogne barnehage

Alt i alt vil Rogne barnehage lande innanfor budsjett for året.

- Det er meirforbruk på fastløn, knytt opp mot spesial-pedagogisk tiltak som starta på våren. Det blir kompensert ved høgare sjukepenge-refusjon enn vikarbruk. Utgifter ligg samla innanfor budsjett. Inntekter^o refusjonar ligg litt over budsjett p.t.

Beito barnehage

Alt i alt vil Beito barnehage lande innanfor budsjett for året.

- Beito barnehage følger oppsett budsjett og har per dags dato ikkje kjennskap til nokon større forandringar som påverkar budsjettet. Leigeforholdet med Beito Grendahus fortsett ut juni 2025 for å ivareta spesial-pedagogiske behov.

Private barnehagar

Prognosen for året er auka med 513`.

- Det har vore eit spesial-pedagogisk tiltak som vart avslutta 14.08.24. Dette tiltaket var ikkje kjend desember 2023, og dermed ikkje med i budsjettet.
- Kapitaltilskotet er etterrekna og justert opp med 173` som følgje av utviding i tal plassar frå 2022.

Kulturavdelinga

Alt i alt vil kulturavdelinga lande innanfor budsjett for året.

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

- I budsjett for kulturskolen er det lagt opp til bruk av fondsmidler for å dekke ekstrautgifter knytt til tilbud for flyktningar. Kulturskolen har ikkje hatt slike tilbud eller utgifter dette året som kan dekkast med fondsmidler. Dette, og bortfall av billettinntekter og lågare elev-betaling enn budsjettet, gjer ei prognose på eit meirforbruk på om lag kr 90` i 2024.
- Kulturskolen kan gjere innsparingar i forhold til kjøp av undervisningsmateriell og utstyr, hausten 2024. Det kan og koma endringar i elev-betaling, som følgje av inntak av nye elevar, og inntekter frå sal av julekonsertar. Totalt sett, styrer me mot eit mindre meirforbruk i 2024.
- Dette kan kompenseras ved noko innsparingar under kultur for øvrig.

Integreringstenesta

Vi har auka prognosen for året med 1.680`. Dette er foreslått som budsjettendring, med finansiering frå flyktningfondet (eit disposisjonsfond).

- Det er meirforbruk på introduksjonsstønad med 977` grunna mange elevar tidleg på året, no har fleire avslutta og meirforbruket vil bli redusert ifht. budsjett ut året. Det er mindreforbruk på løn øvrig, slik at det ikkje vil bli meirforbruk på lønsområdet.
- Prognosen for året for utgifter er auka med 534`. Det er forventa eit meirforbruk på transport, då bilen vart kjøpt inn juli 2024, seinare enn budsjettet. Den er no i bruk, men den vil ikkje kunne dekke innatt for månadane før innkjøp. Det er også meirforbruk på tolk grunna prisauke og at vi har hatt fleire ulike språkgrupper enn lagt til grunn. Det er også meirforbruk på innkjøp av tenester frå Nord Aurdal kommune pga. fleire brukarar og prisauke. Vi har redusert på utstys-budsjettet, dels fordi ein del oppgåver er overført til tildelings- og bustadkontoret i løpet av året.
- Prognosen for inntekter er redusert med 1.147`, jf. tal frå Imdi i september. Årsaken er annleis samansetjing av land og alder på dei flyktningane vi har fått, og at vi ikkje har fått busett alle 30 enno.

I tillegg viser vi til auka prognose for økonomisk sosialhjelp, som også er foreslått finansiert av flyktningfondet.

Helse og omsorg:

Samla sett er prognosen for året auka med 6.140`. Av dette foreslår vi å finansiere 1.900` frå flyktningfondet. Rest utgjør 4.240`.

Felles helse og omsorg

Vi har auka prognosen for året med 1.900` for NAV.

Vi viser til vedlagt økonomirapport for interkommunale tenester frå Nord-Aurdal kommune for 2.tertial 2024. Basert på denne vil vi særskilt kommentere følgjande for vår kommune:

- Interkommunal NAV (NAK): Her viser prognosen for økonomisk sosialhjelp eit meirforbruk for året med 1.900`. Dei ser stor auke i dei kommunane som har busett flest Ukrainarar. Litt over ein tredel av dei som mottok økonomisk sosialhjelp kjem frå Ukraina. NAV spår at talet på sosialhjelpsmottakarar aukar ytterlegare utover hausten. NAV/NAK melder om at det totale beløpet på økonomisk sosialhjelp har auka med ca. 1 mill.kr per august 2024 i forhold til per

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

august 2023, og netto utgifter er 5.872` per august, noko som gjev ein prognose for året på vel 9.300`. Vi har i vårt eige budsjett teke høgde for auke i budsjettet og flyktningøkonomien med totalt kr 3.000` for 2024, slik at budsjettposten for året er på 7.396`. Dette er likevel 1.900` mindre enn prognosen no tilseier. Vi foreslår budsjettjustering på 1.900`, med finansiering frå flyktningfondet.

- Interkommunal barnevern teneste (NAK): Melder om at det er forventa å ligge på budsjett.
- Interkommunal legevakt og intermediær-avdeling (NAK) viser meirforbruk (lønn). Tenesta har arbeidd systematisk med Rusta for framtida, bl.a. tilsett fleire årsverk, men redusert bruk av innleievikarar, vikarbyrå og overtid/sommaravtale. Vi legg til grunn at det ikkje blir vesentlege budsjettavvik for kommunen for året.

Tildeling/bustadkontor

Tenesta viser mindreforbruk. Dette vil truleg også vera situasjonen ved utgangen av året. Vi har redusert prognosen skjønsmessig med 2.000`.

- Løn: Det er mindreforbruk på løn med 266` som følge av vakansar.
- Utgifter: Tidelings- og bustadkontoret har eit meirforbruk på husleige (kr. 511`). For å kunne sikre at kommunen kan busetje etter kommunestyrevedtak har det vore naudsynt å leige inn bustader på den private marknaden. Det er tidvis tomgangsleie for ein del av innleige-bustadane. Det vil tidvis ikkje vera samanheng mellom når vi leiger inn og når IMDi fordeler busetjingar.
- I samanheng med overflytting av oppgåver frå integreringstenesta til tidelings- og bustadkontoret vart det første tertial også overført budsjettmidlar til inventar og utstyr. Etter 2. tertial er det eit mindreforbruk på kroner 886` på området. Dette skuldast at det ikkje har vore behov for innkjøp til leigebustader sidan overflytting. Dette vil endre seg i 3. tertial og i 2025 då det er venta fleire busetjingar som vil krevje ytterlegare innleige av leilegheiter som blir sett i stand.
- Inntekter: Inntekter i form av eigenbetaling er lågare enn budsjettert pr 2. tertial med mindreinntekter på kroner 335`. Dette er som tidlegare år. Inntekter er forventa i henhold til budsjett innan års-slutt og blir i hovudsak dekkja inn gjennom etteroppgjer og nye vederlag.
- Kommunen har husleigeinntekter over budsjett med kr 1.089`. Inntektene må bli sett i samanheng med auke i utgifter til sosialbudsjett og bustøtte, då fleire av dei kollektivt fordrevne per andre tertial ikkje har eigne inntekter til å finansiere husleiga si. Meirinntektene har samanheng med meirforbruket til husleige.

Helse og tilrettelagde tenester

Brennebakkin tilrettelagde tenester har vesentleg meirforbruk per august, og situasjonen vil fortsetja ut året. Vi har auka årsprognosen med 3.540`.

Meirforbruket skuldast i hovudsak:

- Overtid og bruk av vikarbyrå for å dekke nødvendig bemanning ved Brennebakkin ved vakansar og sjukefråvær. Kommunen budsjetterte ikkje med bruk av vikarbyrå, og heller ikkje tilstrekkeleg med overtid/sjuka-vikarar i forhold til vakansar og sjukefråvær som tenesta faktisk har hatt. Miljøtenesta pliktar å dekke tenesteforbruket som er gitt i enkeltvedtak med bakgrunn i lovverk, og det er ikkje lov eller forsvarleg å ta ned bemanninga. No er det nyleg rekruttert fleire helsefagarbeidarar og to vernepleiarar, og det blir gjort godt arbeid med TØRN-prosjektet. Alt dette vil hjelpe på situasjonen og redusere behov for overtid og vikarbyrå. Vi må likevel

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

rekne med at meirforbruket aukar noko ut 2024. Prognosen er auka med 2.600` for året på dette punkt.

- På Brennebakkin er det også behov for budsjettjustering på 2,25 årsverk dagtid til bruker med auka behov i samsvar med vedtak, med verknad frå juni 2024 må det reknast eit meirforbruk 2024 på 940`.

For øvrige tenester under helse og tilrettelagde tenester reknar ein med å lande omlag på budsjett for året.

Førebygging og meistring

Tenesta viser meirforbruk per august, og deler av dette er forhold som vil fortsetja ut 2024. Vi har auka prognosen med 1.200` for året.

- Hovudårsaka ar at tenesta har mykje vakansar og har brukt vikarbyrå for å dekke deler av dette i turnusområda. Dette fører til meirutgifter då det i tillegg er vikarbruk for sjukdom. Kommunen har ikkje budsjettert med bruk av vikarbyrå eller tilstrekkeleg overtid/vikarlønn i forhold til dei vakansar og fråvær som faktisk har vore i tenesta. Per august har heimetenester utgifter til vikarbyrå mv. på 2.300`, mindreforbruk lønn på 1.500`, dvs. netto meirforbruk på 700`. Tenesta har utfordring med å rekruttere sjukepleiarar og det ser ut som vi må bruke vikarbyrå ei periode framover grunna fagleg forsvarleg drift, slik at meirforbruket fortset å auke. Vi har i dag 5 personar frå vikarbyrå med avtale til og med 31.12.24. Dette er for både førebygging og meistring og institusjon.

Institusjonstenester

Tenesta viser meirforbruk per august, og deler av dette er forhold som vil fortsetja ut 2024. Vi har auka prognosen med 1.500`.

- Hovudårsaka ar at tenesta har mykje vakansar og har brukt vikarbyrå for å dekke deler av dette i turnusområda. Dette fører til meirutgifter då det i tillegg er vikarbruk for sjukdom. Kommunen har ikkje budsjettert med bruk av vikarbyrå eller tilstrekkeleg overtid/vikarlønn i forhold til dei vakansar og fråvær som faktisk har vore i tenesta. Per august har institusjon utgifter til vikarbyrå på 1.800`, mindreforbruk lønn på 1.000`, dvs. netto meirforbruk på 800`. Tenesta har utfordring med å rekruttere sjukepleiarar og det ser ut som vi må bruke vikarbyrå ei periode framover grunna fagleg forsvarleg drift, slik at meirforbruket fortset å auke.
- Det er meirforbruk på innkjøp av pakkemaskin kjøkken mv., ca. 200`.

Tekniske tenester:

Prognosen for året er auka med netto 450`.

Teknisk drift

Prognosen for året er auka med 1.350` for vegvedlikehald.

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

- Vegvedlikehaldet har vorte dyrare dei siste åra grunna prisvekst og auka behov. Vinteren 2024 har det og vore ekstra behov knytt til strøing. Foreløpig rekneskap syner 3.399` mot eit budsjett på 2.926`. Ein må pårekna ytterlegare driftsutgifter i 2024 komande vinter.
- Ved utskifting av pære / armatur har det vorte installert nye LED armatur. Dette har gitt ein høgare vedlikehaldskostnad, men ein reknar med at reduksjon i straumforbruk vil gje ei innsparing på sikt.

Næring plan og byggjesak

Vi har redusert prognosen med 900` på lønnsområdet.

- Ved 1.tertial vart det rapportert mindreforbruk på lønn på 580` grunna vakansar i stillingar, og at dette truleg ville halde seg ut året. Det har det gjort. No viser rapporten eit mindreforbruk på 1.218`. Dette gjeld dels sjølvkostområder, som blir saldert mot bundne fond, dels generaløkonomien. For generaløkonomien har vi redusert prognosen med 900`.
- Gebyrinntektene samanlikna med same tid i 2023 er høgare. Noko av dette er knytt til oppmåling på delingssaker frå året før, samt at eit etterslep av delingssaker frå siste halvdel av 2023 er behandla og fakturert for i 2024. Elles er det generelt meir sakshandsaming i 2024. Inntekter for private planforslag ser ut til ha ein betydeleg nedgang. Gebyrinntektene blir saldert mot bundne sjølvkost-fond.

Kraftinntekter:

Kraft-forvaltning er budsjettert inn i drifta med 7,8 mill.kr (inkl.refusjon jf.avtale). Det er dette beløpet som blir netto inntekts-ført i drifta i 2024, om det faktiske resultatet endar minst på det nivået, jf. kraftforvaltnings-reglementet, ev.overskytande blir sett på fond. Per august se det ut som nettoresultatet frå kraft-forvaltninga skal bli betre enn budsjett. Dette på tross av at kraftprisane så langt har vore under fjoråret, men også utgiftene vil bli noko lågare. Vi trur året kan gje om lag 5 mill. i meirinntekter som kan avsetjast til kraftfond.

Pensjon:

Siste prognose frå KLP (september -24) viser om lag det same som ved 1. tertial; ein auke i pensjonskostnader (meirforbruk) på om lag 1.400` på årsbasis i høve til budsjettet. Prognosen er auka med dette beløpet.

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Budsjett hiå. 2024	Regnskap hiå. 2024	Budsjett 2024	Årsprognose	Prognose årsavvik		Forslag budsjettjustering
Sum generelle driftsinntekter	-202 436	-192 959	-299 718	-299 018	-700	⊖	0
Avskrivningar	19 992	0	30 000	30 000	0	✓	0
Motpost avskrivningar	-19 992	0	-30 000	-30 000	0	✓	0
Netto finansutgifter	26 451	24 320	38 320	35 920	2 400	✓	-1 000
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-9 327	0	-25 968	-24 548	-1 420	!	-3 580
Til disposisjon	-185 312	-168 639	-287 366	-287 646	280	✓	-4 580
Politisk leing og kontrollorgan	2 055	2 095	3 175	3 175	0	✓	0
Kommunedirektør felles	6 956	2 387	9 631	2 928	6 703	✓	-165
Stab	13 010	12 576	18 813	18 813	0	✓	0
Felles opplæring og kultur	5 547	4 934	7 932	7 767	165	✓	0
ØSUS	8 712	7 930	13 884	13 939	-55	⊖	55
Rogne skule	11 288	14 113	16 997	18 852	-1 855	!	55
Lidar skule	9 840	9 979	15 363	15 418	-55	⊖	55
Rogne barnehage	8 228	8 333	13 833	13 833	0	✓	0
Beito barnehage	4 784	4 872	7 562	7 562	0	✓	0
Private barnehagar	3 465	3 807	5 200	5 713	-513	!	0
Kulturavdelinga	6 323	6 879	9 697	9 697	0	✓	0
Integreringstenesta	-11 514	-8 452	-350	1 330	-1 680	!	1 680
Felles helse og omsorg	20 221	14 020	23 912	23 812	100	✓	1 900
Helse og tilrettelagde tenester	22 785	26 495	38 379	41 919	-3 540	!	1 000
Førebygging og meistring	23 494	24 680	36 850	38 050	-1 200	⊖	0
Institusjonstenester	20 971	22 785	32 881	34 381	-1 500	!	0
Felles tekniske tenester	83	5	114	114	0	✓	0
Teknisk drift	14 396	17 261	37 539	38 889	-1 350	⊖	0
Næring plan og byggesak	11 531	5 857	12 656	11 756	900	✓	0
Kraftforvaltning	-5 213	-12 528	-7 822	-12 822	5 000	✓	0
Renter og avdrag	0	1	0	0	0	✓	0
Pensjon mv. felles	-5 605	-12 241	-8 879	-7 479	-1 400	!	0
Sum disponering	171 358	155 787	287 366	287 646	-280	⊖	4 580
Merforbruk +/-mindreforbruk -	-13 954	-12 852	0	0	0	⊖	0

Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Nedanfor fylgjer rapportering for finans-, gjelds- og kraftforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8.

Finansplasseringar:

Per september 2024 har kommunen plassert midlar i:

Bankinnskot. Kr 158.064` er plassert i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres. Det er ikkje tidsbinding på bankinnskota. Kommunen har hatt rentesats tilsvarande nibor 3 mnd + 0,25% poeng. Det vurderer vi er ei tilfredsstillande rente, med tanke på at likviditeten er plassert med svært låg risiko. Kommunen vurderer løpande kvar midla skal plasserast, der føremålet er låg finansiell risiko og høg likviditet, jf. finans- og gjeldsreglementet pkt. 2.

Langsiktige strategiske plasseringar. Kommunen har langsiktige aksjar og andelar med bokført verdi kr 54.335`, der målsetjinga med plasseringa primært har vore strategisk eigarskap, og ikkje finansiell vinning. Vi syner til spesifikasjon i note 5 til rekneskapet 2023, og tillegg 30` til Nasjonalt senter for fjellandbruk AS i 2024. Kommunen har og langsiktige utlån til Valdres Energiverk AS på 20.000`. Det blir betalt renter av lånet i tråd med avtale frå 2022. Rentesats er basert på Norges Banks 10-års statsobligasjonsrente, med tillegg av rentebyteavtale mot 10-års Nibor og eit risikopåslag 3,4 %-poeng. Rente ut frå dette var siste året 6,515%, og aukar til 7,24% frå 1.april 2024.

Det blir betalt utbytte frå Valdres Energi (1.413` i 2024, 1.500` i 2023, 1.274` i 2022). Det blir og betalt utbytte frå Innlandet Energi Holding AS (anslagsvis 2.300` i 2024, 3.801` i 2023, 1.480` i 2022). I 2023 fekk kommunen ekstraordinært høgt utbytte som følgje av høge prisar og overskudd i kraftbransjen i 2022. Bokført verdi på kommunen sin eigardel i Innlandet Energi Holding er 27.169`, jf. note 5, og utbyttet i 2023 utgjer 14% avkastning (mot 5,4% året før).

Lånegjeld:

Kommunen har ved utgangen av september 2024 ei lånegjeld på kr 490.588` (499.596` per 31.12.2023). Det er ikkje teke opp nye lån så langt i 2024. Låna består av ordinære gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt, KLP Banken og Husbanken. Vi viser til note 8 i regnskapet for 2023 og årsrapporten. Alle låna har flytande rente. Kommunen har ikkje sertifikatlån eller lån som forfell eller må refinansierast dei neste 12 månader.

Av samla lån utgjer lånegjelda for sjølvkost ca. 217.301` ved inngangen til året. Netto lånegjeld for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda), totalt 280.5546`, ligg litt under handlingsregelen til kommunen (45,0% av sum driftsinntekter mot mål på 50%).

Kommunen har auka avdragsplikter framover, og er også eksponert for renteauke, noko som kan gje større utfordringar med å balansere drifta. Rentenivået har auka siste par åra, men synes å ha stabilisert seg no.

Kraftforvaltninga

Kommunen sine kraftrettar

Kommunen sine kraftrettar på omlag 54,5 gWh blir seld på kraftbørsen. Kraftrettane inneheld konsesjonskraft på 22 gWh, andelskraft på 28 gWh og eigenproduksjon i Skoltefoss 2-3 gWh.

Etter uværet «Hans» i august 2023 vart kommunens kraftverk Skoltefoss sterkt skada og stoppa opp, har ikkje kome i gang att, og det vil ut frå tilstandsrapport ta eit par år å få det istandsett. Det medfører tapt kraftmengde, 2-3 gWh i året.

Vi nyttar ekstern kraftforvaltar. Kraftforvaltaravtalen var ute på konkurranse for 2023 og 2024, og skal i løpet av hausten 2024 vurderast på ny.

Kommunen må betale kostpris for krafta vi mottek. Prisen for ein mindre del av konsesjonskrafta blir fastsett sentralt, medan resten av konsesjonskrafta og andelskrafta blir betalt ut frå sjølvkostutrekning frå kraftprodusent. Sjølvkostsprisen varierer mykje frå kraftverk til kraftverk, og avheng også i stor grad av spotpris/marknadsprisen i året og vedlikehald i det aktuelle kraftverket.


Kraftforvaltning - reglement

Kraftforvaltning skal følgje reglementet for kraftforvaltning, sist vedteke i kommunestyret i juni-22 (KS-34/22). Dette tilseier at kommunen i hovudsak skal selja kraftmengden vår i spotmarknaden (utan prissikring/fastprisavtaler). Dvs. å følgje marknaden fullt ut, noko som vil kunne medføre svært store svingningar i resultat frå kraftsalet frå år til år. Vurderinga er at dette samla skal gje kommunen betre resultat over tid. Men det kan enkelte år gje minimale overskot, til og med underskot på kraftsalet. For å redusere den økonomiske risikoen til kommunen, vart det vedteke at kommunen skal bygge opp eit kraftfond, og kun nytte ein fast sum av kraftsalet i drifta kvart år (frå og med 2023). Reglementet skulle tre i kraft frå og med 1.1.2023, og tilpasning til nytt reglement skulle skje gradvis frå vedtakspunktet.

Dei fastpris/prissikrings-avtalene som allereie var inngått før juni-22 for kraftmengde leveransar 2024 er i all hovudsak gjeldande – det har vore få gode marknadsmoglegheiter for å løyse ut desse i løpet av året som gjekk. Det inneber at 17,6 gWh i 2024 er prissikra frå tidlegare, til prisar mellom 30 og 40 øre /kWh.

Gjennomsnittleg spotpris i marknaden har vore synkande i år, frå snitt på 91,8 øre/kWh i januar 2024, til 60,2 øre i april, til enda lågare tidleg haust-24. Snittet for 1.tertial var på 71,68 øre, hittil i år på 48,6 øre. Dette er lågare enn i fjor, men fortsatt høgare enn historiske snitt.

Prisutvikling Østlandet (NO1)



Kraftforvaltning er budsjettert inn i drifta i 2024 med 7,8 mill.kr (inkl.refusjon jf.avtale). Det er dette beløpet som blir netto inntektsført i drifta i 2024, om det faktiske resultatet endar minst på det nivået, jf. kraftforvaltningsreglementet, evt. overskytande blir sett på fond.

Vurdering i forhold til kommunen sitt finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglement:

Likviditet. Delmål: *Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande plikter.*

Arbeidskapitalen (omløpsmiddel fråtrekt kortsiktig gjeld) utgjer 118.091` per september. Av dette utgjer ubrukte lånemiddel 59.139`. Midla står på bankkonto, og skal nyttast til investeringar som var budsjetterte i 2023 men blir gjennomført i 2024. Akkumulert premieavvik (41.978`) inngår også i arbeidskapitalen, men dette er ikkje reelle likvide midlar. Likviditet til drift (likvide midlar minus ubrukte lånemiddel til investering minus premieavvik) er ca. 16.964` (50.343` per 2023). Vi vurderer at likviditeten er tilfredsstillande, kommunen har likviditet til å betale løpande plikter ved forfall, og kunne tole uføresette likviditetsmessige utfordringar av noko omfang.

Finansiell risiko. Delmål: *Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.*

Vi har svært låg risiko på plassering av likviditeten, ved at tilnærma alt står på bankinnskot.

Også gjeldsplasseringa vurderer vi det er låg risiko knytt til.

Avkastning på overskotslikviditet. Delmål: *Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko.*

Kommunen vurderer å ha konkurransedyktige gode vilkår i bank. Rentene har vore høgare enn på lenge, etter renteauke siste par år, noko som medfører høgare renteinntekter på likvide midlar.

Avkastning langsiktige aktiva. Delmål: *Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ein god og langsiktig avkastning til akseptabel risiko.*

Det har ikkje vore vesentleg ledig driftslikviditet til langsiktig plassering. Vi har langsiktig strategisk utlån, der renta er langsiktig og vesentleg høgare enn marknadsrenta, og vi har og strategiske eigarpostar i bl.a. Valdres Energi og i Innlandet Energi Holding. Vi vurderer å ha god avkastning på plasseringa. Vi kan ikkje sjå vesentleg risiko med dei langsiktige finansielle aktiva.

Lågast mogleg totalkostnad for lån. Delmål: *Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.*

Kommunen har ikkje gjort nytt låneopptak i året. Tidlegare låneopptak er gjort etter konkurranse i marknaden. Vi vurderer å ha konkurransedyktig rente på låna.

Vi har flytande rente på låna, anten knytt til 3 mnd nibor, eller p.t. rente. Vurderinga vår er at det over tid gjev den lågaste renta, men vi blir meir eksponert for renteauke. Vurderinga har vore og er at vi har ei finansiell stilling med akseptabel risiko, og at det ikkje har vore tenleg å betale den "forsikringspremien" som ligg i å binde renta.

Det har vore høgare rentesats gjennom 2024 enn dei siste åra, men ei rentebelastning kommunen har kunna tole.

Kraftinntekter. Delmål: *Kommunen sine kraftrettar skal forvaltast på ein måte som sikrar ei balanse mellom føreseielege inntekter og høgast moglege inntekter.*

Kraftforvaltningsreglementet vart endra i juni 2022 med verknad frå 1.1.2023.

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Reglement før juni 2022	Reglement etter juni 2022
<ul style="list-style-type: none">• <i>Kraftrettane skal seljast på det opne markedet på gunstigast moglege tidspunkt med mål å gje kommunen høgast moglege inntekter.</i>• <i>For å sikre føreseielege inntekter frå år til år, kan og bør kommunen nytte prissikring av mellom 50% og 100% av kraftmengda.</i>• <i>Trading (kjøp og sal utan underliggjande fysisk kraftmengde) skal samla ikkje overstige 10% av kraftmengda.</i>• <i>Val av forvaltar bør ta omsyn til tidlegare oppnådde resultat for kraftforvaltning, og om dei kan tilby ein sikra minstepris, i tillegg til konkurransedyktige honorar.</i>	<ul style="list-style-type: none">• <i><u>Andelskrafta</u> skal seljast i <u>spotmarknaden</u> utan prissikring.</i>• <i><u>Øvrige kraftrettar</u> skal seljast i <u>spotmarknaden</u> utan prissikring. Ev. kan fastprisavtalar nyttast, om rådmannen og forvaltar ser det tenleg.</i>• <i>Overskot frå kraftsal (etter skatt) skal avsetjast til eit eige kraftfond i kommuneregnskapet, fram til fondet utgjør 53 mill.kr.</i>• <i>Kommunen skal <u>årleg</u> inntektsføre i driftsbudsjett og driftsregnskap kr 7 mill. <u>frå</u> kraftfondet, dersom kraftfondet har dekning for denne summen.</i>• <i>Beløpa for årleg inntektsføring og målet for fondet skal indeksregulerast 1.7. kvart år med KPI for siste år per 30.6.</i>• <i>Val av forvaltar bør ta omsyn til referansar når det gjeld kompetanse innan kraftforvaltning og tilhøyrande regelverk og transparens i oppgjør.</i>

Kommunen skulle/kunne tilpasse seg praksis gradvis frå vedtakstidspunktet: «*Tilpassing til nytt reglement skal skje gradvis frå vedtakstidspunktet. Prissikringsavtaler som er gjort før nytt reglement trer i kraft skal vidareførast så lenge kraftforvaltar og rådmannen meiner det er den økonomisk beste løysinga for kommunen.*»

Kommunedirektøren vurderer at kraftforvaltninga har vore i tråd med vedtaka som er gjort for kraftforvaltning.

Ikkje avvik i høve krav i finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglementet.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er avvik mellom krav i finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglementet og den faktiske forvaltninga.


Organisasjon

Sjukefråvær

Kommunen hadde per andre tertial eit sjukefråvær på 10,3%. Dette er ein nedgang på 1,3 prosent sidan 2023. Særleg positiv har utviklinga vore i helse og omsorg og innanfor tekniske tenester.

Både innan førebygging og meistring og i institusjon har det vore ein kraftig nedgang i sjukefråværet det siste året, medan fråværet i helse og tilrettelagde tenester har gått opp.

Figuren viser vidare ei auke i fråværet i området for skule og barnehage. Dette på tross av at det har vore ein nedgang i fråværet på barnehageområdet sidan 2023 (Rogne barnehage har hatt stor nedgang, medan fråværet har auka i Beito). I grunnskulen er det store variasjonar. Medan det har vore ei betydeleg auke i fråværet på Lidar skule, har Rogne skule hatt ei svært positiv utvikling det siste året.



Vedlegg

Vedlegg 1 Forslag til budsjettendringer

Budsjettendringer er foreslått i investering 2024 som følger:

Pr.nr.	Prosjektnavn	2024	2025	Kommentar
Andre investeringar				
31001	Andeler i KLP	40 000	-	Prisstigning
34029	Nye helseltunet ute og inne	- 563 306	-	Avslutta
34043	Lydisolering kulturskulerom	22 000	-	Avslutta
34045	Rogne bamehage utvida garderobe	- 767 000	-	Avslutta
34052	Nytt helsehus - planlegging	- 220 000	220 000	Overført til neste år
34054	Nye energiløysingar kommunehuset/ ØSUS	- 5 814 485	5 814 485	Overført til neste år
34056	Betre nettverk kommunehuset	400 000	-	Prisstigning
34058	Bygdinvegen 2108 (27/66) oppgradering ny tilkomst	- 750 000	750 000	Overført til neste år
34060	Heranglie bustader	- 13 800 000	13 800 000	Overført til neste år
35005	Overtak./oppgrad.Finntøppvn.og gang- sykkelveg Beitestølvegen Tjednbakkvegen	- 11 000 000	11 000 000	Overført til neste år
38020	VVA Heranglie (veg mv.)	4 370 000	-	Mva
Selvkost				
38020	VVA Heranglie (VA)	3 170 000	-	Lønn prosjektleiing og renter
38035	VA Storefoss Nedrefoss	- 100 000	100 000	Overført til neste år
38060	VA Skogaplassen Mørstad	- 2 000 000	2 000 000	Overført til neste år
38501	VA Finntøpplie	1 000 000	- 1 000 000	Overført til neste år
38530	VA Gravfjellet	- 4 000 000	4 000 000	Overført til neste år
38701	VA Nordtorp høgdebasseng	- 8 900 000	8 900 000	Overført til neste år
38810	VA Oppgradering Ole vassverk	- 8 500 000	8 500 000	Overført til neste år
38400	VA mindre anlegg årleg	- 4 900 000	-	til VA Mellisenn Kveno
38820	VA Mellisenn vassverk	4 900 000	-	frå mindre VA.prosjekt årleg
38902	VA Nye Nedrefoss RA	- 19 000 000	19 000 000	Overført til neste år
Finansiering:				
34060	Heranglie bustader	2 500 000	- 2 500 000	Overført til neste år (tilskot)
38550	VA Robølshøvda	800 000	-	Meirforbruk (reduert innt-prognose)
35005	Overtak./oppgrad.Finntøppvn.og gang- sykkelveg Beitestølvegen Tjednbakkvegen	990 000	- 990 000	Overført til neste år (bruk bunde fond)
39999	Kompensasjon for mva	3 738 558	- 3 556 897	
39999	Bruk av lån	58 384 233	- 66 037 588	
Sum netto		0	-	

2. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Budsjettendringar er foreslått i drift 2024 som følgjer:

Budsjettendringar drift 2024	Tenestestad	Beløp
Lærebøker	Kommunedirektøren	- 165 000
Lærebøker	ØSUS	55 000
Lærebøker	Rogne skule	55 000
Lærebøker	Lidar skule	55 000
Auka årsverk	Brennebakkin avlastningsbustad	1 000 000
Integreringstenesta - red innt og auka utg.	Integreringstenesta	1 680 000
NAV økonomisk sosialhjelp auke	Interkommunal teneste NAV	1 900 000
Finansiering frå flyktningefond	Ubunde flyktningefond	- 3 580 000
Auka renteinntekter	Finans	- 1 000 000
Sum netto totalt		-

Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele budsjett for lønnsvekst ut på tenestemråda tilsvarande resultatet av lønnsforhandlingane hausten 2024.

Vedlegg til 2. tertial rapport 2024

Vedlegg: Økonomirapport - Interkommunale samarbeid 2. tertial 2024 fra Nord-Aurdal kommune